

Trekk ikkje motsegn førebels

10.07.2009



Trond H. Myklebust har erfart at sandtak-planen må gjennom ein omfattande prosess. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er no laga ei konsekvensutgreiing for det planlagde sandtaket til Trond H. Myklebust og kommunen har difor bedt fylkesmannen om å trekke motsegna til planforslaget.
Men det går ikkje fylkesmannen umiddelbart med på sjølv om planen er revidert i høve til fylkesmannen sine merknader.**

Han viser til at saker som utløyser konsekvensutgreiing kal handsamast etter KU-forskrifta. Det inneber at utgreiinga må bli innarbeidd i planframlegget. Først når dette er gjort, kan planen bli lagt ut til offentleg ettersyn.

Framlegget må forhalde seg til KU-forskrifta. og ha ein god planomtale som er dekkjande for relevante problemstillingar, påpeikar fylkesmannen.
Planomtalen må vidare gjere greie for kva som kan gjerast for å tilpasse tiltaket til omgjevnadene og for å avbøte skader og ulemper, samt kva undersøkingar og tiltak som kan gjerast for å overvake og klargjere faktiske verknader av planen.

På grunn av dette kan såleis ikkje fylkesmannen på noverande tidspunkt ta stilling til om motsegna kan bli trekt. Han kjem attende til dette når revidert planframlegg med innarbeid konsekvensutgreiing vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Av Ola Matti Mathisen